



likestillings- og inkluderingsdepartement Det kongelige barne-
Postboks 8036
0030 OSLO

PARTSBREV

Dykkar ref.

Vår ref.
12/728-7/K2-F40//ÅSV

Stad/Dato:
01.11.2012

HØRINGSUTTALE - ENDRINGAR I BARNEVERNLOVA

Me viser til Dykkar brev av 5. september 2012 der det vart gitt høve til å gi uttale til foreslåtte endringar i barnevernlova. Øygarden kommune har handsama saka i Komite for Levekår (KLEV) 29. oktober 2012, der det er gjort vedtak om å gi følgjande uttale:

KLEV-100/12 VEDTAK AV 29. OKTOBER 2012:

Øygarden kommune sin uttale til "Endring i barnevernloven":

1. Generelt vert det forventa ein større barnevernsreform, der kommunane og staten finn fram til gode løysningar i ein betre dialog enn det som har vore i denne saka. Gjennom strukturelle endringar og revidert oppgave- og ansvarsdeling kan dei samla barnevernstenestene verte ryddigare, meir treffsikre og kostnadseffektive. Eit viktig grep er å overføre fleire oppgåver og ressursar frå stat til kommune, noko fleire statlege utgreiingar peiker på som gode alternativ.
2. Øygarden kommune kan ikkje støtte staten sitt framlegg til ny finansieringsmodell mellom stat og kommune då den ikkje vil bidra til å sikre barn og unge «rett hjelp til rett tid». Erfaringsmessig vil ikkje kommunane få fullfinansiert det auka budsjettansvaret, og kommuneøkonomien vil verte ein kritisk faktor for kven som vil kunne få hjelp. Forslaget om finansiering av institusjonsplassar må utgreiast betre, og departementet må dokumentere påstanden om at kommunane brukar institusjonsplassar for å redusere eigne utgifter.
3. Øygarden kommune er einig i at det i forskrift må tydeleggjerast oppgåvefordelinga mellom stat og kommune. Bufetat må oppretthalde oppgåva med å tildele institusjonar og akuttplassar.
4. Det er ikkje ønskjeleg at Bufetat skal kunne overprøve dei utgreiingar og fagleg arbeid som vert gjort i kommunane. Staten har Fylkesmannen som tilsynsorgan, det er ikkje behov for fleire. Det vil bryte med prinsippet om meir heilskapeleg fagleg ansvar for kommunane om Bufetat skal kunne påleggje ytterlegare utredningar før val av statlege tiltak. Kommunen er einig i at ein skal ha eit godt grunnlag for avgjerd før vedtak om plassering utanfor heimen skal avgjerast, men det må vere opp til kommunane å avgjere kva som er tilstrekkeleg grunnlag.
5. Øygarden kommune er positiv til at det vert utarbeidd felles standardiserte utredningsmalar og kvalitetsindikatorar, men vil understreke at kommunane må delta i arbeidet.

6. Rekruttering, opplæring, oppfølging og rettleiing av fosterheimar bør overførast til kommunane, eventuelt interkommunale samarbeid, der ressursane følgjer med. Det same gjeld heimebaserte tiltak. Dette vil kunne gje betre tenester og lågare kostnader.
7. Øygarden kommune støttar forslaget om å endre omgrepa fosterheim, fosterbarn, fosterforeldre, institusjon, barn med alvorlige åtferdsforstyrrelsar i tråd med Barnevernproffene og Barnevernpanelet sine ønskje.
8. Øygarden kommune støttar departementet sitt forslag til at det vert opphaldskommunen sitt ansvar å følgje opp ungdom under 18 år som må sone i ungdomsfengsel.

Med helsing
Øygarden kommune

Åse Vik
Kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.